

**Fra:** Irene Wilhelmsen <irene.wilhelmsen@gmail.com>  
**Sendt:** 4. juni 2014 21:53  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** irene.wilhelmsen@gmail.com; Stian Tvedt; kjenep.kn@gmail.com; dahegge@gmail.com; Turid Sporsheim Tvedt; olenep@online.no; irmelin.johansen@homail.com; t-crisos@onine.no; abjrvik@yahoo.com; Hege Wilhelmsen Bårdsen; marianne.ovretveit@hotmail.no; morten@tvsm.no; sthenry@online.no; arnlbjoe@online.no; egistr@gmail.com; sigrun.ovretveit@gmail.com; Bjørg Seljelid; g-woelk@online.no; wenche tvedt; Jafamme@online.no; aasefam@hotmail.com; inoevret@online.no  
**Emne:** Høyningsuttale fiberbreiband utbygging  
**Vedlegg:** Høyningsuttale fiberbreiband utbygging.docx

## **«Høyningsuttale fiberbreiband utbygging»**

Refererer til «uttale – utbygging av fiberbreiband» publisert av Ole Jakob Aarland på Lindås kommune sin nettstad, datert 05.05.2014.

Me som bur på Grov, Tveitegrend, Reikerås og Fammestad har lenge vore nedprioriterte i samband med breibandutbygginga i kommunen. Dei siste åra har mange av oss måttta leve med eit særstakt ustabil og lite tilfredstilande radionett frå breiand.no. Dette nettet er no lagt ned og mange av oss er for tida utan tilkopling til internett.

Telenor prioriterer ikkje området og fastbuande samt folk som flyttar til bygda får avslag frå Telenor pga. manglande kapasitet på linjenettet.

Der Telenor kan leve er nettet svært ustabil og treigt pga dårlege linjer og sprengt kapasitet. Enkle oppgåver som eksempelvis levering av skulearbeid eller lasting av bilete er til tider ikkje mogleg å utføre.

Fleire av oss som bur her har og behov for å kunne arbeide heime frå. Utan eit stabilt raskt internett er det ikkje mogleg i dagens samfunn.

I tillegg er mobildekninga, frå både Telenor og Netcom, svært dårleg. Mange må gå ut av husa sine for i det heile å kunne snakke i tlf. Fleire har den siste opplevd at mobilnettet har vorte dårlegare.

Ice.net er det heller ikkje mogleg å nytta seg av i området. Fleire har prøvd, men gitt opp.

Den einaste fast installerte kinoen i kommunen held til i Ungdomshuset Nyheim på Fammestad. Dei har topp moderne utstyr for køyring av digital kino med digital lyd. Sidan det ikkje er mogleg å få internett med naudsynt hastighet i området, må dei få tilsendt filmane i form av harddiskar kvar gong det er framsyning. Kinoen treng difor fiber for å kunne laste ned filmane direkte.

Med fiber i Ungdomshuset vert det og mogleg å halde andre arrangement lokalt.

Heile Kløvheimkrinsen vart i 2012 kartlagt med oversikt over mobildekning og internett kapasitet. Stort sett heile bygda ligg i kvit sone. Denne kartlegginga har kommunen fått tilsendt utan at det har vore gjort noko med.

Ser at det i uttalen står at Myking er ein av dei prioriterte aksane/områda.

I denne samanhengen forventar me som bur på Grov, Tveitegrend, Reikerås og Fammestad at områda me bur i, samt bygdene langs vegen frå Høyland mot Myking, kjem inn under denne aksa/området!

Det er på høg tid at dette området som pr. i dag anten ikkje har noko tilbod eller eit tilbod som ikkje tilfredsstiller dagens krav, vert prioritert fyrst!

Mellan Høyland og Myking har BKK alt trekt fiber på høgspentlinja. Denne kan, slik me har forstått det, byggast ut til å gi fiber til dei ulike husstandane ved å skyte ny fiberkabel gjennom eksisterande fiberlinje. Dersom kommunen jobbar aktivt med å få til eit samarbeid med BKK, skulle det la seg gjere å trekke fiber langs eksisterande straumlinjer til alle dei husstandane som ynskjer dette i området.

Lindås kommune burde kanskje ta ein kikk på andre kommunar i fylket kor breiband til innbyggjarane har vore prioritert i svært mange år.

Eit eksempel på ein slik kommune er Kvam Herad. Dei har aktivt lagt fiber sidan starten av 2000-talet. For tida er det 2 aktørar som bygger ut parallelt til kvar minste plass og avsidesliggende gard på kartet.

Me vonar på det sterkeste at Lindås kommune prioriterer oss i samband med søknad om midlar til utbygging av fiberbreiband denne gongen.

Det er svært mange som er frustrert over situasjonen og som vert hemma i kvardagen utan tilgang til internett!

Med Helsing

Irene Wilhelmsen og Stian Tvedt	Grovavegen 71
Kjetil og Sibel Nepstad	Grovavegen 87A
Dagfinn Heggertveit	Grovavegen 40 og 42
Turid Sporsheim Tvedt og Hans Tvedt	Grovavegen 62
Ole og Jorun Nepstad	Grovavegen 87B
Irmelin Johansen	Grovavegen 24
Bente Tvedt og Henrik Kjøpstad	Reikeråsvegen 128
Ann Kristin og Inge Hjelmtveit	Grovavegen 77
Hege W. og Tommy Bårdsen	Reikeråsvegen 198
Kari F. Bjørge	Reikeråsvegen 57
Marianne og Egil Øvretveit	Reikeråsvegen 268
Anne Bjørge	Reikeråsvegen 39
Øystein BjørnSEN	Svindalsvegen 35
Morten Tveit	Reikeråsvegen 69
Snowdon Thomas Henry	Reikeråsvegen 74
Arnljot Bjørge	Mykingvegen 533
Egil Strøm	Reikeråsvegen 55
Sigrun Øvretveit	Reikeråsvegen 180
Olav Arne Tveito og Bjørg Seljelid	Grovavegen 59
Grit Woelke og Edwin Meijer	Reikeråsvegen 73
Herleif og Wenche Tvedt	Reikeråsvegen 141
Hjørdis Fammestad	Grovavegen 21
Ove Morken og Torunn Hjelmtveit	Grovavegen 32
Jan Fammestad og Margrethe Myking	Mykingvegen 482
Åse G Fammestad	Reikeråsvegen 65
Inge og Britt-Anne Øvretveit	Mykingvegen 480